

Utkast til merknader

§ 1 Formål

Føreseгна angir formålet med forskrifta som er å sikre en berekraftig utvikling av havbruksnæringa i Hardangerfjorden. I dette ligger det at reguleringane i denne forskrifta skal vareta en rekke omsyn, blant anna:

- bereevna til fjordområdet
- forhold knytt til fiskehelse
- ville bestandar av laksefisk (dvs atlantisk laks, aure og regnbogaure)
- næringas langsiktige grunnlag for utvikling

§ 2. Saklig verkeområde

Det sakelige verkeområdet til forskrifta er oppdrett av laks, aure og regnbogaure i sjø. Det er ikkje angitt noko personelt verkeområde. Kven reglane gjelder for kjem fram av dei enkelte materielle reglane i forskrifta.

§ 3. Geografisk verkeområde

Forskrifta gjelder innanfor eit område, heretter Hardangerfjorden, som omfattar Hardangerfjorden, Klosterfjorden og Bømlafjorden. Dei nærare grensene for verkeområdet kjem fram av vedlegg 1 til forskrifta.

§ 5. Forbod mot tildeling av løyve eller lokalitet og melding om samlokalisering

Fyrste ledd

Formålet med føreseгна er at produksjonen i Hardangerfjorden ikkje skal auke. Etter § 5 er det derfor ikkje er tillat å gi løyve til etablering eller utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden.

Tredje ledd

Det følgjer av § 5 andre ledd at styresmaktane kan gi dispensasjon frå forbodet mot å klarere nye eller utvide lokalitetar i fyrste ledd etter ei konkret vurdering, såframt dette gir ein samla og klar gevinst i forhold til fiskehelse og miljø. Styresmaktene kan også gi dispensasjon frå forbodet i andre ledd om samlokalisering av løyve innanfor Hardangerfjorden. Det er likevel ikkje mogeleg å gi dispensasjon til å auke biomassen på selskapsnivå, altså å flytte inn biomasse i Hardangerfjorden. Det må i så fall skje etter § 12. "Fiskehelse og miljø" omfattar til dømes bereevna til fjordområdet, forhold knytt til fiskehelse, særleg lakselus, viltlevande bestandar av laks og sjøaure og langsiktige utviklingsmåtar for akvakulturnæringa. Det er søker som må dokumentere at dispensasjon vil gi ei slik gevinst.

Alt 1 § 6. Regional MTB for løyve til laksefisk i Hardangerfjorden

Formålet med føreseгна er å stanse ytterligere vekst i produksjonen i Hardangerfjorden. Løyve til akvakultur av laks, aure og regnbogaure er avgrensa på to nivå:

- selskapsnivå, dvs. kor mykje biomasse selskapet har lov til å ha i sjøen til en kvar tid biomasse og
- lokalitetsnivå, dvs. kor mykje biomasse selskapet kan ha på den enkelte lokalitet til en kvar tid.

Fyrste ledd

Føreseгна angir kor mykje biomasse som til en kvar tid kan stå i sjøen innanfor verkeområdet til forskrifta. Grensa er satt til 50 000 tonn MTB og gjelder for laks, aure og regnbogaure. Pr.

1. april 2009 er det gitt 89 løyve til matfisk av laks og aure og 2 løyve til stamfisk, til saman ca 70 000 tonn MTB, og dette talet skal innan 1. oktober 2011 reduserast til 50 000 tonn MTB. Fristen gir både styresmaktene og næringsaktørane tid til å foreta naudsynte vurderingar og avgjerder.

Andre og tredje ledd

Det er Fiskeridirektoratet som treffer vedtak om endring av løyve. Etter tredje ledd skal Fiskeridirektoratet leggje *vesentleg* vekt *"på næringsaktørane sine eige samstemte forslag"*. Det føreset at berørte partar (innehavarar av løyve) innanfor havbruksnæringa i Hardangerfjorden klarer å bli einige om eit forslag til reduksjon av biomassen. Med "samstemt" meiner vi ikkje at alle partar skal vere heilt einig, men vi føreset at det er eit stort fleirtalet som sluttar opp om forslaget – det vil si 90 % eller fleire. Fiskeridirektoratet vil, basert på forslaget til aktørane, fatte vedtak. Direktoratet kan i tillegg til forslaget frå næringsaktørane, sjå hen til tredje ledd bokstav a-c. Særleg skal direktorat nytte kriteria i bokstav a-c til å sikre at vedtaka blir forholdsmessig og rimeleg for alle partar.

Bokstav a) Formålet med kriteriet er å redusere MTB i størst mogeleg grad hos dei som faktisk ikkje utnyttar eiga kapasitet. Om og kva for ein grad aktørane har utnytta sin kapasitet kjem fram av Fiskeridirektoratets databasar.

Bokstav b) Med ansiennitet meiner vi kva for eit tidspunkt løyvet blei knytte til lokalitet innanfor Hardangerfjorden

Bokstav c) I vurderinga av om verksemda har mogelegheit til å flytte, vil styresmaktene ta omsyn til om verksemda har ledig biomasse eller om det er sannsyneleg at eksisterande lokalitetar kan utvidast på lokalitetar utanfor Hardangerfjorden.

Fjerde ledd

Det kjem fram av føresegna at Fiskeridirektoratet kan setje ein frist for når næringa sitt forslag skal være direktoratet i hende. Vidare går det fram at Fiskeridirektoratet, dersom dei ikkje mottek eit forslag frå næringa, skal treffe vedtak etter andre tredje ledd – så langt det passar. Fiskeridirektoratet skal altså vurdere alle løyve i Hardangerfjorden ut frå kriteria i tredje ledd bokstav a-c. Direktoratet skal foreta en heilskapleg vurdering av alle kriteria. Vedtaket kan opplevast som inngripande for den enkelte aktør, og det er derfor svært viktig at reglane i forvaltningslova som skal sikre ei forsvarleg sakshandsaming følgjast.

Alt 2 § 6. Regional MTB for løyve til laksefisk i Hardangerfjorden

Fyrste ledd

Sjå merknader til alt. 1.

Andre ledd og tredje ledd

Fiskeridirektoratet vurderer alle løyve i Hardangerfjorden ut frå visse kriterium, som ansiennitet, høve til å flytte ut av fjorden kor stor del av gitt biomasse som er brukt i fjorden de seinaste tre år før frysvedtaket. Direktoratet skal foreta en heilskapleg vurdering av alle kriteria. Vedtaket kan opplevast som inngripande for den enkelte aktør, og det er derfor svært viktig at reglane i forvaltningslova som skal sikre ei forsvarleg sakshandsaming følgjast.

Bokstav a til c) Så merknadar til alt. 1.

§ 7. Biomassetak i Hardangerfjorden

Føreseгна innfører eit eige biomassetak i Hardangerfjorden på selskapsnivå. Biomassetaket gjeld i tillegg til biomassetaket for laksefisk på regionnivå, sjå forskrift om drift av forskrift 17. juni 2008 nr 822 om drift av akvakulturanlegg §§ 47 og 48 og merknadane til disse.

§ 8. Flytting av fisk

Fyrste ledd

Føreseгна gjeld berre laks, aure og regnbogeaure. Forslaget tilsvavar i all hovudsak §§ 7 og 8 i forskrift 20. november 2007 nr. 1315 om sone for å hindre smitte og bekjempe pankreassjukdom hos akvakulturdyr. Føreseгна inneberer derfor ikkje nokon ny plikt for verksemdene, men Mattilsynet må i tillegg til risiko for spreiking av PD vurdere søknaden om flytting opp mot risiko for spreiking av lakselus.

Andre ledd

Etter andre ledd skal varselet leverast i den form Mattilsynet bestemmer.

Tredje ledd

Etter tredje ledd kan Mattilsynet ved fastsetting av smittehygieniske fellesområdar, dersom det er naudsynt ut frå omsynet til smittevern, pålegge flytting av fisk.

§ 9. Brønnbåtar

Føreseгна gir Mattilsynet mogelegheit til å fastsette brønnbåtleiar og nedlegge forbod mot at brønnbåtar har opne ventiler i heile eller deler av brønnbåtleier. Det er naturleg at vedtak om at brønnbåtar skal gå med stengde ventiler blir gjort i samband med varslinga, jf. 10. Se og PD-forskrifta.

§ 11. Dispensasjon

Dei føreseгна styresmaktene kan gi dispensasjon frå, kjem fram av føreseгна. Føreseгна skal brukast med varsemd.